

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 12/4589-35

## **Aurland - gb. 55 bnr. 2 Nedberge (Nedbergo) - omfordeling av midlar frå statsbudsjettet kap 1429 post 72.9 Verdsarv**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

Ubrukte midlane til restaurering av løa på bruk 2 på Nedbergo vert omfordelt til restaurering av ostebu og fjøs på gb. 55/2 Nedbergo.

#### Vedlegg:

Foto frå Nedbergo

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden  
Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I 2011 løyvde hovudutval for kultur 150 000 kroner frå statsbudsjettet kap. 1429 post 72.9 Verdsarv, til restaurering av løa på bruk 2 på høgdegarden Nedbergo i Aurland. Arbeidet starta opp sommaren 2012. Det synte seg at arbeidet med istandsetjinga av bygningen var meir omfattande enn det handverkar hadde tatt som utgangspunkt for prosjektet. Hovudutval for kultur løyvde i HK-sak 20/13 eit tilleggstilskot på 235 000 kroner til ferdigstilling av arbeidet på løa. Prosjektet har i tillegg vore finansiert med tilskot frå Norsk kulturminnefond, Stiftelsen UNI og Nærøyfjorden verdsarvpark, samt eigar si eigenfinansiering og arbeidsinnsats.

Prosjektet vart ferdigstilt sommaren 2014 og rekneskapen synte at ekstrakostnadane vart mindre enn det eigar og handverkar forventa i 2013. Resultatet er at 160 000 kroner av tilskotet løyvde i 2013 ikkje vart bruk til dette prosjektet.

På Nedbergo står det fleire bygningar som har behov for istandsetjing og eigar søker no om å få omfordelt det resterande tilskotet til restaurering av ostebua og fjøsen.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Inne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden er det att to veglause høgdegardar der bygningane framleis står, Stigen og Nedbergo. Nedbergo er plassert innafør Nærøyfjorden landskapsvernområde og tunet med innmarker er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Det dramatiske landskapet med dei små husa i tunet og

kulturlandskapet rundt er vesentleg for opplevinga av det dramatiske fjordlandskapet innafor verdsarvområdet. Dei mange bygningane som er bevart i tunet, saman med kulturlandskapet, gjev oss mykje kunnskap om korleis folk budde og livnærte seg i området i tidlegare tider. Tunet på Nedbergo består i dag av husa til bruk 1 og 2. Det har ikkje blitt bygd nye bygg i tunet og vi har her eit anlegg der både bygningar og kulturlandskap har ei høg grad av autentisitet.

Det har sannsynlegvis vore drift på Nedbergo sidan mellomalderen. Dei første skriftlege kjeldene som nemner garden er frå 1603. I 1863 vart garden delt i to bruk slik som i dag og kring 1900 fekk gardbrukarane hus i Undredal. Etter den tida budde dei i Undredal om vinteren og på Nedbergo om sommaren. Under siste krig flytta eigarane opp att på Nedbergo, etter krigen vart garden driven som sommarbruk fram til 1960 og som støl fram til 1964. I dag vert tunet brukt til fritidsfremål og ein har starta opp planar med skjøtsel av landskapet igjen. I 2014 ferdigstilte Nærøyfjorden verneområdestyre ein skjøtelsesplan for innmarka.

Tunet på Nedbergo har ein høg kulturminneverdi og er viktig for ivaretakinga av verdsarvverdiane i området. I innskrivinga av området etter kriterie III vert bygningsmiljøa i verdsarvområdet omtala på fyljande måte:

*...Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.*

I forvaltningsplanen for verdsarvområdet er Nedbergo trekt fram som eit av bygningsmiljøa av særskild verdi knytt opp til fjord og dalføre. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, godkjend i HK-sak 44/14 er ei konkretisering og prioritering av den verneverdige bygningsmassen i verdsarvområdet. For området 9.4 Høgdegardane Stigen og Nedbergo er ostebua på bruk nr. 2 på Nedbergo gitt første prioritering.

Dette på grunn av bygningen sin historiske verdi i området og i forhold til opplevingsverdi. Ostebua og fjøsen er ein type bygningar som tidlegare har vore vanlege og viktige for drifta av gardane i området, men som det no er få att av. Ostebua var tidlegare bygd saman med fjøset. Samanbygde hus er det få att av i fylket og fylkesdirektøren vurderer det som viktig at denne husrekkja vert sett istand etter antikvariske retningslinjer slik at kulturminneverdiane i dei vert tatt vare på. Bygningane har ein dårleg tilstand og det er nødvendig å setje dei i stand medan det framleis er mogleg. Mellombygget mellom fjøset og ostebua er riven og må byggast opp att slik at bygningsrekkja vert heil att.

Grunna det omfattande arbeidet er det nødvendig at eigar arbeidar meir med prosjektering og planlegging, samt får utarbeidd eit detaljert kostnadsoverslag for det som skal gjerast. Då planlegging av eit slikt prosjekt er omfattande og eigar har behov for ei viss sikkerheit for at prosjektet skal gjennomførast, vurderer fylkesdirektøren det som rett å gje støtte til prosjektet slik at eigar kan gjennomføre planlegging og prosjektering i løpet av vinteren og starte opp arbeidet med istandsetjinga sommaren 2015.

Eigar har gjennomført eit godt arbeid med restaureringa av låven som var eit stort og komplisert prosjekt. På bruk 2 er det no viktig at ostebua og fjøset også vert sett istand slik at dei også vert sikra for framtida.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og tilrår hovudutval for kultur å gjere vedtak i tråd med framlegg.